

Hamnsundpengane

Arbeidet med Hamnsundsambandet går framover. Tysdag godkjente planutvalet i Haram kommunedelplanen for vegen, med to alternative trasear. Ålesund jobbar på sin kant samtidig med same plan. Giske - med flyplassen på Vigra - eig ikkje areal som vegen skal ligge på, men får kome med innspel frå sidelina i planprosessen.

KARTA SER FINE UT, og ein kan drøyme om kortare reisevegar. Men elefanten i rommet er betalinga. Ingen veit korleis vegen skal betalast.

Tidlegare utgreiing har synt at det er vanskeleg å nå så mykje som 50 prosent brukarfinansiering

MED NORDØYVEGEN, som er i kjømda, får ein flytta subsidiane frå ferje til veg. Ferjestøtta, bompengar, private og kommunale bidrag, og regionsutviklingsmidlar skal betale vegen.

”

Ikkje så med Hamnsundsambandet. Her går ikkje noko ferje. Det kjem ikkje avløysingsmidlar for hurtigbåten. Det er også usikkert kor lenge hurtigbåten vert prioritert etter at Nordøyvegen kjem på plass.

TIDLEGARE UTGREIING har synt at det er vanskeleg å nå så mykje som 50 prosent brukarfinansiering på samandet, sjølv med ev. forlenga bompengetid på 25 år. Samtidig er det ikkje godt å seie kor stor trafikken blir. Dagens trafikk forbi Hamnsundet er på 1850 bilar i døgnet. Ein kan berre spekulere kva Nordøyvegen er vil gjere. Og med Hamnsundsambandet, vil mykje av trafikken frå Brattvåg og Haram-halvøya gå over Store Kalvøy. Utgreiarar ventar seg 4000 bilar - ingen veit.

DET KAN HENDE at det blir aktuelt å betale med statlege midlar i ei form. Men det er fylket som vil eige vegen, og det organet som må overttydast, er Fylkestinget.

ENTEN det blir endeleg storkommune med dagens Haram i Nye Ålesund, eller ikkje, har dei folkevalde i kommunane på nordre Sunnmøre all grunn til å jobbe for å realisere dette prosjektet, som vert svært viktig for verdiskaping i både store og «små» kommunar.